

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 22.09.2014

**SAKSHANDSAMAR:** Kristin Osland Lexow

**SAKA GJELD:** Orientering om rapportering på krav i føretaksmøte og oppdragsdokument per 2. tertial 2014

**ARKIVSAK:** 2014/434/

**STYRESAK:** 105/14

**STYREMØTE:** 23.10. 2014

---

## FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering

## Oppsummering

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift per 2. tertial 2014.

Mellom anna er det eit mål om høgare vekst innan psykisk helsevern og rusbehandling enn somatikkk. Det er i 2014 gjennomført ny anskaffing innanfor tverrfagleg rusbehandling. Dei nye avtalene med private ideelle leverandørar medfører ei auke i døgnkapasiteten med totalt 48 plassar.

Eit anna mål er å redusere ventetider. Vestlandspasienten.no er no lansert i alle helseføretaka. Her kan pasientane, som dei første i landet, kommunisere med sjukehusa via meldingar heile døgnet, og får ein betre oversikt over timane dei har på sjukehuset.

Fristbrot er framleis ei utfordring, særleg i samband med ferieavvikling.

## Fakta

Helse Vest RHF får sitt oppdrag av Helse- og omsorgsdepartementet i eit årleg oppdragsdokument. I oppdragsdokumentet blir dei midla som Stortinget har løyvd til Helse Vest RHF for inneverande år stilte til disposisjon. Gjennom dokumentet får Helse Vest RHF i oppdrag å utføre pålagde oppgåver og å realisere dei styringskrava som er gitt innanfor mål, rammer og ressursar som vert stilte til disposisjon. I tillegg til oppdragsdokumentet blir det kvart år i januar gjennomført eit føretaksmøte jf. Lov om helseføretak, der Helse- og omsorgsdepartementet slår fast styrings- og prestasjonskrav på økonomi og organisasjonsområdet. Føretaksprotokollen gir såleis presiseringar på ytterlegare styringsbodskap i tillegg til det som er gjort greie for i oppdragsdokumentet.

Styret har bede om at det tertialvis blir rapportert på dei krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen.

Administrerande direktør legg i denne saka fram ei oversikt som viser status på krava i oppdragsdokumentet og føretaksprotokollen. Status blir vist med fargekodar og prosentvis framdrift på følgjande måte:

Raud: Ikkje påbegynt, ikkje gjort/oppnådd. Ein kan oppnå raudt dersom ein ikkje startar tidsnok til å få levert.

Gul: I prosess. Prosentvis levering er stort sett oppgitt med tal. Dette talet kan ved seinare rapportering bli justert.

Grøn: Kravet er oppfylt. Når krava gjeld kontinuerlege prosessar får desse grøn vurdering når drifta er à jour.

## Konklusjon

Rapporten synleggjer at Helse Vest rapporterer god framdrift per 2. tertial 2014.

Vedlegg:

Matrise med tertialvis rapportering på krav i føretaksprotokoll og oppdragsdokument per 2. tertial 2014